

NotatDato: 18.08.2014
Arkivsak: 2014/862-14
Saksbehandlar: ragskj

Til: Torbjørn Mjelstad

Frå: Ragnhild Ravna Skjærvik

Plan for korleis vi kan forbetre statistikkgrunnlaget i høve til heving av lærekontrakt**Bakgrunn**

Fylkestinget bad i møte 10.-11.12.2013, sak 87/13 fylkesrådmannen om å syte for følgjande:

- Prioritere å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevingssaker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse.

Bakgrunnen for vedtaket er forvaltningsrevisjonsrapporten «Fagopplæring i Hordaland fylkeskommune». Fylkesrådmannen har laga ei handlingsplan (sak 2014/862) som svar på bestilling. Handlingplanen seier følgjande om det ovannemnte tiltaket:

6	<i>Prioritere å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevingssaker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse</i>	Sjå i samanheng med punktet over Lage plan for arbeidet innan 31.5.2014 Avklare ressurs-tilgang for bedrifts-besøk innan 30.6.14	<ul style="list-style-type: none">• Forbetre statistikkgrunnlaget og finne dei reelle årsakene til hevingar og stryk så langt råd.• Prioritere oppfølging av bedrifter med mange hevingar, tydelege «problemhevingar» og bedrifter med mange stryk.• Informasjon til lærlingar og bedrifter	Fylkesdir. opplæring
---	--	--	---	----------------------

Plan for forbetring av statistikkgrunnlaget for heving

Oppsummering:

- Registrering av årsaker til heving
- Statistikk og oppfølging

Registrering av årsaker til heving

Ved heving av lærekontrakt registrerer saksbehandler **årsak** og **hevet av** i Vigo.

Kven kontrakten er heva av er et registreringspunkt som det må lagas rutiner rundt. Mange av hevingane kjem inn som einigheitshevingar, men når ein les årsaken eller undersøkar nærmare er det ofte den eine parten som ønskjer å heve lærekontrakten og at den andre parten samtykkjer. Det må utarbeidast rutinar på korleis vi skal registrere kven som hevar kontrakten.

Det er i dag 14 årsaker til avslutning av lærekontrakt, 10 av årsakene omhandler heving av kontrakt. Årsaken til avslutning av lærekontrakt er konkret. Det kan være hensiktsmessig å vurdere om disse årsakene dekker Dei behova vi har i forbindelse med statestikkarbeid.

Hevet av: Lærlingen/bedriftens ønske
Bedriftens ønske
Lærlingens ønske

Årsak: Endret kontraktstype
Kontrakt avsl stryk 1. gang
Brudd på arbeidslivets regler
Personlige årsaker
Flyttet
Feilvalg
Manglende oppholdstillatelse
Fått arbeid
Annen f.årsak/ikke oppgitt
Kontrakt avsl avl/best prøve
Overført til ny kontrakt
Kontrakt avsl stryk 2. gang
Læretid utløpt uten prøve
Økonomiske årsaker

Statistikk og oppfølging

Vi må ta stilling til kva statistikkane skal brukast til og kor detaljerte dei skal være. Vi nyttar statestikken til blant anna årsrapporten for Fagopplæringskontoret. Det er ønskjeleg at ein og skal nytta statestikken i forbindelse med bedriftsoppfølging.

Statistikkar kan f.eks. tas ut to gonger i året eller oftare dersom vi ser at det er behov for det. Statistikkane må være detaljerte og av ulik art. Døme på ulike statestikkar som kan være føremålstenleg er:

- Hevingar av lærekontraktar fordelt på fag/bransje
- Hevinga av lærekontraktar teikna med opplæringskontor/enkeltstående lærebedrifter
- Hevinga av lærekontraktar med/utan ungdomsrett
- Heving av lærekontraktar regionsvis
- Utløp av læretid utan prøve

Utløp av læretid utan prøve ikkje er ein del av heving av lærekontraktar, men dette er likevel statistikk som er nyttig å analysere i samband med bedriftsbesøk.